



STRYN KOMMUNE
Rådmannsavdelinga

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
09/509-2/ G10 // ANH

Dykkar ref.

Dato:
12.02.2009

Høyringsuttale til lovframlegg om fylkeskommunen sine oppgaver i folkehelsearbeidet.

Eg viser til høyringsbrev dat. 18.12.08.

Stryn formannskap gav høyringsuttale til lovframlegget om fylkeskommunen sine oppgaver i folkehelsearbeidet i møte 10.02.09.

Vedlagt følger utskrift av formannskapet si møtebok, sak 25/09.

Med helsing

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 48 50

Kopi til:

Kari Synnøve Muri
Berit Wetlesen

Tonningsgata 4
Tonningsgata 4

6783 STRYN
6783 STRYN

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 025/09	Formannskapet	10.02.2009

Ref: 09/509 -1 Ark. G10
Sakshandsamar: Berit Wetlesen

Høyringsuttale til lovframlegg om fylkeskommunen sine oppgaver i folkehelsearbeidet

Presentasjon:

Gjeld uttale til helse-og omsorgsdepartement sitt høyringsnotat med lovframlegg om fylkeskommuner sine oppgaver i folkehelsearbeidet

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- St.meld. nr 16 (2002-2003): Resept for et sunnere Norge
- Ot.prop. nr. 10 (2008-2009): Om lov om endringar i forvaltningslovgivinga m.v.
- Lov om helseteneste i kommunane

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsbrev frå HOD av 18.12.08

Ikkje vedlagt:

- Høyringsnotat med lovframlegg frå Helse-og omsorgsdepartementet (HOD)

Saksopplysningar:

St.meld nr. 16 (2002-2003) „Resept for et sunnere Norge“, understreka auka satsing på folkehelse dei neste 10 åra og peika på det som skal vere samfunnet si totale innsats for å oppretthalde , betre og fremme folk si helse i åra som kjem. Innsatsen skal styrke verdiar som gjev det einskilte menneske og grupper høve til å ta ansvar , vere delaktig, vise solidaritet og ha meistring og kontroll over eige liv og situasjon.

I regjeringa si målsetting er det sagt at eit nasjonalt partnerskapsarbeid skal stimulere og styrke samordning av arbeid som har innverknad på innbyggjarane si helse. Arbeidet skal ha tverrsektorielt perspektiv og vere forankra i kommuneplanarbeidet.

I samband med gjennomføring av forvaltningsreforma har representantar for fylkesmann/helsetilsyn på fylkesplan, KS, KRD og den statlege sentrale helseforvaltninga delteke i lovutredningsarbeidet under leiing av HOD.

Helse- og omsorgsdepartementet har med uttalefrist 27.02.09 ute på høyring eit framlegg til lovendring som inneber:

- Fylkeskommunen får eit lovfesta ansvar for ein pådrivar-og samordningsfunksjon for det sektorovergripande folkehelsearbeidet regionalt og lokalt med vekt på å understøtte folkehelsearbeidet i kommunane (overgang frå ei friviljug ordning til ei ordinær oppgåve for fylkeskommunen).
- Tydeleggjering av fylkeskommunen sitt ansvar for å ta i vare folkehelse i eigen tenesteyting, forvalting og planlegging, og ansvar for at folkehelse inngår som del av arbeidet med regional utvikling
- Dette medfører ingen avgrensing eller endring i kommunane , fylkesmannen eller sentrale mynde sitt ansvar på folkehelseområdet.
- Fylkeskommunen får heller ingen nye oppgaver

Dei kommunane som har inngått avtale med fylkeskommunen om partnerskap for folkehelse, er utfordra til å gje høyringsuttale til lovframlegget.

Folkehelsesatsinga i Stryn.

Kommunestyret fatta i juni 2006 vedtak om å inngå partnerskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om folkehelsearbeid. Ved hjelp av eit årleg tilskot på kr. 150 000 er det oppretta deltidsstilling som folkehelsekoordinator. I tillegg har kommunen deltidsstilling som ungdomskontakt som jobbar med generell førebygging i høve rus og kriminalitet. Innsatsen er sektorovergripande og det er oppretta folkehelseråd med representasjon frå friviljug sektor og frå ulike kommunale tenesteområde .

Kommunen si administrative leiargruppe er styringsgruppe for arbeidet.

Kommuneplanen har definert fylgjande målsetting for folkehelsearbeidet i kommunen:
Folkehelse og trivsel skal takast vare på gjennom samfunnsmessig tilrettelegging og samhandling.

Målsetting for folkehelserådet sitt virke er fastsett til:

Arbeide for tryggare og meir helsefremjande miljø og sunnare levevanar hos innbyggjarane gjennom aktivt samarbeid mellom friviljug sektor og offentlege instansar.

Tankegangen er at tilrettelegging for og fremming av god folkehelse ikkje primært er helsesektoren sitt ansvarsområde, men ei felles oppgåve for kommunen si forvalting og tenesteyting i tett samarbeid med friviljug sektor. Folkehelseperspektivet må inn i alt planarbeid, anten det gjeld kommuneplan eller arealplanar, eller det gjeld idrett, friluftsliv og kultur , skule-og barnehagar eller innsats innafor helse-og sosialetaten.

Folkehelserådet utformer tiltaksplanar for verksemda si som vert handsama politisk .

Fokus har så langt vore :

- Førebyggjande innsats overfor barn og unge (lokalsamfunn med MOT, ungdomskafeen Telegrafan m.m.)
- Førebygging av skader og ulukker (prosjektet "Trygge eldre" og støtte til ulike aktivitetstiltak)
- Aktivitetstilbod for funksjonshemma
- Prosjekt på kosthald og ernæring i skular og barnehagar
- Styrkingstiltak for fysisk aktivitet både for barn og vaksne
- Styrkingstiltak innafor friluftsliv
- Etablering av tilbod "Aktiv på dagtid" for personar som slit med helsa og t.d. er i ferd med å falle ut av arbeidslivet

Fylkeskommunen yter tilskot til førebyggjande tiltak som vert prioriterte og fordelt i eit partnerskap med kommunane

Folkehelserådet engasjerar seg i høve ulikt planarbeid i kommunen for å sjå til at folkehelseperspektivet vert teke i vare.

Folkehelsekoordinatoren er sekretær for ei gruppe som skal sjå på status i kommunen når det gjeld universell utforming på ulike område, og som vil kome med framlegg til prinsipp og retningslinjer med sikte på god ivaretaking av krav til universell utforming i framtid.

Vurdering:

Stryn kommune er positive til at fylkeskommunane får eit lovpålagt folkehelseansvar. Ut i frå dagens erfaring, så er fylkeskommunane ein viktig pådrivar i det regionale folkehelsearbeidet m.a. ved å vere ein viktig støttespelar for kommunane.

Kommunen har ansvar for det breie folkehelsearbeidet, jf. kommunelova. Kommunen sitt ansvar for folkehelse er elles forankra i kommunehelsetenestelova, jf. § 1-2; "Kommunen skal ved sin helseteneste fremme folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold". Kommunane har etter kommunehelsetenestelova § 1-4, eit generelt ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorar som kan verke inn på dette. Det vil seie at kommunane sitt ansvar stort sett er lovfesta i helsetenesta sitt område.

Stryn kommune vil få peike på at høringsnotatet ikkje tek omsyn til det store og viktige folkehelsearbeidet som allereie vert utført i mange kommunar, både lokalt og regionalt i regi av fylkeskommunane. Høringsnotatet, tek heller ikkje omsyn til at mykje av folkehelsearbeidet har sitt utsprang blant friviljuge og der folk lever og bur, og difor bør vere forankra i lokal- og regionaldemokratiet.

Å halde fast ved ei snever forankring i helsetenesta, vil ikkje i tilstrekkeleg grad stimulere den friviljuge innsatsen.

Oppvekst for barn og unge, kulturtilbod, fritid og fysisk aktivitet, livsstilsjukdomar, utdanning, arbeid og universell tilpassing er store og særskilte viktige område innafor førebyggjande folkehelsearbeid, og seier mykje om at folkehelse bør ha brei forankring. Det store området som folkehelse rettar seg inn mot, tilseier også at ansvaret bør vere fordelt mellom offentleg og privat sektor.

Folkehelsearbeidet bør vere eit sjølvstendig innsatsområde, ikkje berre i fylkeskommunen, men også i kommunane. Det sikrar oppbygging av spisskompetanse både regionalt og lokalt. Fylkeskommunen bør sitte med ansvaret som regional pådrivar og ha ansvaret for å kartlegge

befolkninga sin helsetilstand til hjelp i samfunnsplanlegginga, både regionalt og lokalt, og kan då ta ansvar for å gje råd og rettleiing til kommunane.

Høyringsutkastet legg opp til at regional planlegging skal vere med å styrke det førebyggjande folkehelsearbeidet i regional planstrategi.

Ei slik oppgåve vil ikkje vere mogleg for fylkeskommunen åleine. Dersom ein slik strategi skal verte vellukka, så er ein heilt avhengig av eit godt folkehelsearbeid også i kommunane, samt eit tett og koordinert samarbeid mellom kommune og fylke.

At folkehelse skal vere ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunane har liten verdi i seg sjølv, så lenge det er opp til den einskilde kommune å prioritere folkehelsearbeidet som ei brei samfunnsmessig oppgåve.

Høyringsutkastet legg opp til å halde fast ved stoda i dag med – små overføringar til kommunane og dermed små stillingsheimlar til å jobbe med folkehelse på lokalt plan. . Mykje av dagens innsats er driven på frivillig basis og vert oftast personavhengig og kortvarig.

Det vert vidare lagd opp til at stimuleringsmidlane til folkehelsearbeid frå 2010 skal innlemmast i rammetilskotet til kommunesektoren. Det er då stor fare for at små folkehelsekoordinatorstillingar ikkje klarer overleve i ein hard prioriteringsprosess.

I høyringsutkaster vert det berre lagt opp til forvaltning av midlar der det er behov for regional tilpassing og utvikling. Stryn kommune vil understreke behovet for styring og styrking av økonomi på eit generelt grunnlag innafor arbeidet med det førebyggjande folkehelsearbeidet regionalt og lokalt.

Det er berre rundt 60 % av kommunane i landet som i dag har partnerskapsavtale med fylkeskommunane. Det vil seie at dei resterande 40 % av alle landets kommunar står overfor oppstart av omfattande arbeid med organisering av førebyggjande folkehelsearbeid, utan å ha den stimuleringa som ligg i øymerka tilskot til igangsetting. Fylkeskommunane vil difor få store utfordringar med både å halde på ”gamle” og samstundes få med nye kommunar, utan å ha økonomiske virkemiddel til rådevelde.

Erfaringsmessig må øymerka midlar til over ein lengre periode dersom ein skal oppnå ønska resultat ved innføring av nye satsingsområde, slik det breie folkehelsearbeidet er.

Stryn kommune går difor mot at folkehelsemidlane vert innlemma i rammetilskotet til kommunesektoren etter 2010.

Folkehelsearbeid bør etter 2010 leggst til fylkeskommunane som i dag, der dei i lag med kommunane fordelar folkehelsemidlar gjennom partnerskapsavtalar.

Stryn kommune går inn for at folkehelse ikkje einsidig skal styrast gjennom helsetenesta, men må bli tydeleg og breidt forankra i alt relevant lovverk.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune gjev sin høyringsuttale i samsvar med det som står under vurdering i saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskapet 10.02.2009.

FO-025/09 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.


Harald Risnes
- sekr.-

Utskrift sendt til:

Helse- og omsorgsdepartementet